



Gunda Nordanger
Hamrane 30
5704 VOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2848 - 16/27581

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no


Dato:
04.10.2016

Svar på førespurnad vedk hytte og naust - gbnr 70/23 Feste nordre

Viser til ditt brev av 08.09.2016.

Eg kan stadfesta at begge teigane til gbnr 70/23 lig innafor arealføremålet fritidsbusetnad i kommuneplane for Lindås 2011 – 2023. I føresegnene til planen, pkt 1.1 er det eit generelt krav om utarbeiding av reguleringsplan før bygging kan tillatast. Bygging av naust er i strid med arealføremålet og byggeforbodet i strandsona etter plan- og bygningslova (pbl) § 1-8. Kommuneplanen har ei særskilt byggegrense mot sjø (grå stipla linje).

Bygging av:	Må ha dispensasjon frå:		
Hytte	Krav om reguleringsplan		
Naust	Krav om reguleringsplan	Arealføremålet i plan	Bygging i strandsona pbl § 1-8



Dersom du vil velja å søka om dispensasjon i første omgang, må du visa på kart og skisser kva du ønsker å bygga, og skriva noko om storleik. Du må også seia noko om veg vatn og avløp (private rettar og planlagte løysingar).

Dersom det vert godkjent dispensasjon(ar) for bygging, vert det vanlegvis sett som vilkår at bygningane skal oppførast i samsvar med reglane for naust og fritidsbustader i planføresegnene pkt. 2.53, 2.54 og 2.20.

Kommuneplanen, planføresegner:

<http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1317825466359.pdf>

Plankart:

<http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1317821615791.pdf>

Om dispensasjon: <http://dibk.no/globalassets/bygg-uten-a-soke/informasjonsblader/dispensasjon.pdf>

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gunda Nordanger

Hamrane 30

5704

VOSS